



Til stades:

Viktor Hognestad Liland, elev 7.trinn

Mats Hadland, elev 5. trinn

Kristian Hognestad, FAU

Ingrid Underhaug Nielsen, FAU

Kjetil Hustoft, polititar

Hanna Aase Undheim, tilsett

Ingveig Nærland Ødegård rektor

Kristin Sando, tilsett

Dato:
18.02.2026

Fråvær:

Oda, Byberg, elev 6. trinn

Saker:

14) Godkjenning av referat frå sist.

- Trafikksikring status per 10.02.26; Kristian har vore på møte med kommunen nyleg. Kommunen må ha gode planar på trafikksikring for å kunna søka om midler til dette. Kristian informerer om prosjektet «Barnetråkk» (som handlar om å gå til skulen) vert gjennomført i Time kommune våren 2026.
- Kjetil har teke opp spørsmål i møter, Ingveig har fått kopi av mail/svar frå kommunen. (Sjå vedlegg)
- Taubanen er fiksa!
- «Digital praksis i oppvekst» plan frå Time kommune. Hognestad skule held på med ein plan som spesifiserer kva det betyr for oss.

15) Elevundersøkinga.

Elevundersøkinga (5.-7.kl) vert antageleg fasa ut fra UDIR. Statistikken viser resultata frå 7.klasse. Grunna omlegginga og få elevar får me difor færre tal ut frå undersøkinga.

Konklusjonar; elevane på Hognestad svarar at dei ikkje liker skulearbeid så godt. Dei svarar omlag likt som gjennomsnittet på interesse og motivasjon for skulearbeidet, men betre enn nasjonalt snitt på trivsel, lekser og meistring. Me ser at me må arbeida for at elevane blir bevisste på at lærar gjev tilbakemelding om kva som kan bli betre med arbeidet dei gjer. Me vil òg arbeida for å halda oppe motivasjonen for læring, - og så er me veldig glade for at tala på mobbing er lågare enn før! Me vil ha fokus på praktisk læring og å framsnakka læring og skulen.

16) Branntilsyn

I november hadde Hognestad skule branntilsyn. Det kom fleire avvik. Dei viktigaste er at kjellaren ikkje blir godkjent til opphaldsrom og at rømmingsvegar i hovudbygg må ryddast. Klasserommet til 5.klasse og kunst og handverksrommet kan no berre brukast til lager, men det kan hentast ut utstyr som trengst til ei kvar tid. Løysinga blir at kunst og handverk skjer i klasseromma og 5.klasse flytter til brakka og har klasserom der. I tillegg må rømmingsvegane ryddast. Alt dette skal skje innan vinterferien er slutt.

17) Anna

Mindre ombyggingar, Kjetil tok opp i kommunestyret før jul, snakka med skuleadministrasjon i høve til naudsynt vedlikehald med kledning og maling. Me har fått 500 000 kr til å mala skulen og skifta noko av kledninga. Vaktmeister vil gå i gang så snart som råd med å bestilla det som trengst.

Kristian informerer om ordninga med rentekompensasjon for kommunane ved rehabilitering av eksisterande bygg. Time kommune har 35 millionar dei kan bruka og få igjen ein del av rentene på rehabilitering.

Siste SU møte dette skuleåret: 28.04.26 kl.19.30-20.30

Referent

Kristin Sando